



## Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/265347-2

Dykkar referanse: Vår dato:  
19/2109 – 19/28198 16.10.2019

### Uttale – Dispensasjon for oppføring av fritidsbustad – Fv. 5496 (tidl. fv. 415) – Gnr. 109 bnr. 14 – Saltnes – Lindås kommune

Vi viser til brev mottatt 19.09.2019. Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon med frist for uttale 17.10.2019.

#### Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova for oppføring av fritidsbustad på Saltnes, gnr. 109 bnr. 14 i Lindås kommune. Eigedomen er regulert til LNF- føremål jf. kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011 – 2023).

Eigedomen har i dag ein påståande fritidsbustad som skal rivast. Vidare er det søkt om to fritidsbustader på same eigedom, samt tilkomstveg og parkering.

#### Uttale:

Eigedomen har i dag ikkje køyrbar tilkomst. Vi legg difor til grunn at det ikkje føreligg avkøyrsløyve for eigedomen, og at dette må søkjast om etter veglova.

Eigedomen har avkøyring frå fv. 5496. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 600 ÅDT. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*. Det vil mellom anna seie at vi normalt godkjenner søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Vi har vore på synfaring og vurderer at avkøyrsla for det meste har tilfredsstillande utforming. Siktkravet er oppfylt. Avkøyrsla har i dag om lag seks brukarar. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløyve dersom det vert søkt om.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Sluttord:**

Dersom Lindås kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet for tiltaket må det søkjast om avkøyrsløyve etter veglova. Eit slikt løyve kan påreknast slik søknaden føreligg i dag.

Tiltaket skal vere avklart etter veglova før kommunen eventuelt gjev løyve til igangsetjing av bygging.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeteiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*